

ANNE OG NILS PÅ VON-HEIM

Vi er i tju- eller trettiåra. Eit ungt par, Anne og Nils, planlegg livet i lag. Dei er busette ein stad i Norge, Trysil, Fræna, Hattfjelldal eller Sør-Varanger. Dei har ikkje odelsrett til gard, så dei må sjå seg om etter noko anna.

Tjue år før dette kunne dei ha emigrert. Den døra er no stengd. Frå 1917 og utetter innførte USA kvotar på innvandring, og få slapp gjennom. Canada, Australia og New Zealand var framleis aktuelle utvandringsmål. Men så kom børskrakket og arbeidsløysa, og framtida såg ikkje lysare ut i oversjøiske land enn heime i Norge.

Tjue år attende kunne vårt unge par også ha reist til Oslo, som den gongen heitte Kristiania, eller til Bergen eller Trondheim eller Rjukan eller Sulitjelma, og fått seg arbeid i framveksande industri. Men industrien veks ikkje lenger. Både verdskrisa og rasjonaliseringa råkar, slik at dei fleste industrigreiner går attende i sysselsetjing. Folketalet i byane veks heller ikkje. Dreg dei til storbyen, er risikoen stor for at dei blir gåande arbeidsledige og utfattige.

Då er bureising ein utveg. Dei diskuterer seg imellom, les rundskriv, oppsøker bureisarar og sykklar begge to eller Nils åleine til kommunesenteret for å få ein samtale med heradsagronomen. Eller med formannen i småbruksnemnda dersom kommunen ikkje har agronom.

Dei fleste som får kjøpt jord, kjøper av far eller bror eller granne eller sambygding. Dei er enkeltbureisarar. Somme kjøper i bureisingsfelt. Det er helst der det er større, dyrkbare område som kan leggjast ut, til feltkolonisasjon som faguttrykket lyder. Eit bureisingslag, det kan vere kommunen, fylkeslandbrukselskapet eller det landsomfattande selskapet Ny Jord, kjøper feltet. Dei grev kanalar, byggjer vegar og dyrkar kanskje noko, deler opp feltet og sel ut att til bureisarar.

Etter at jordlova kom i 1928, kan interesserte ungdommar finne fram til unytta land og med lova i hand forlange at kommunen eksproprierer

jorda frå eigaren. Men slik blir det sjeldan gjort. Det er nok ikkje så enkelt som lova seier, blant anna fordi etablerte bønder med større sans for privat eigedomsrett enn for ungdom som treng arbeid, utgjør fleirtalet i mange av jordstyra og ofte i kommunestyra.

Det er ikkje den beste jorda dei får kjøpe, ikkje den nestbeste heller. For den beste dyrkingsjorda har andre teke i bruk. Men truleg er jorda såpass god at ho kan gi brukande grasavlingar, kanskje kan også poteter og grønsaker vekse i henne etter kvart som dei får husdyr og det blir husdyrgjødsel som kan blandast i.

Vårt unge par har ikkje pengar å ta av. Dei må difor låne. Til det finst Statens småbruk- og bustadbank. Men for å ta opp lån til å kjøpe jorda må dei ha garanti frå kommunen. Altså blir Anne og Nils kommunestyresak. Dei får noko tilskot til bygging av bustadhus og uthus, men må låne meir pengar i statsbanken.

Låna er rentefrie i sju år. Etter det må dei betale ned låna med like store, halvårlege avdrag i 42 år. Altså blir dei låntakarar det meste av sine liv.

Men låna og tilskota dekkjer berre ein del av investeringane. I kalkylane er det rekna inn ein stor eigeninnsats. Kor mange timars arbeidsdag held dei ut, spør dei seg sjølve og kvarandre. Kva slags arbeid kan dei, og kva må dei leige folk til? Står det tømmer på dyrkingsjorda, slik at dei kan redusere materialkostnadene? Kor langt av stad må dei for å finne støypesand? Er det brukande bil- eller kjerreveg til parsellen, slik at sanden lett kan fraktast dit, eller må han køyrast med hest og slede på snøføre? Korleis er tilgangen på lønnsarbeid? Har dei slekt og venner som kan hjelpe til i arbeidstoppane og som dei kan låne hest og anna utstyr frå?

Anne og Nils tek sjansen. Nils set namnet sitt på avtalen om jordkjøpet, får kommunal garanti for jorda og syklar attende til kommunehuset og leverer utfylt skjema med søknad om lån og tilskot. Skjemaet er det mest omfattande han har fylt ut i sitt liv, så det blir mange timar med blyant og viskelér og fundering. Så er det å vente og vente.

Frå Nils går skjemaet til jordstyret, som legg det fram i møte og set på sine merknader. Bør søkjaren sleppe gjennom nålauget, spør jordstyret. Blant krava er at han må vere mellom 21 og 65 år og korkje ha formue eller stor inntekt. Han må også «ansees skikket til å kunne reise et nytt bruk.» Det same må kona.


Vårt unge par slepp gjennom. Etter eit års venting får dei melding om at landbruksdepartementet har funne dei verdige til lån og støtte. Dei kan kome til kommunen, få eit papir til banken og heve dei første pengane.

På svarbrevet frå departementet les dei ikkje berre kva dei får i tilskot og lån. På brevet står også:

En forutsetning for disse bidrags tilståelse er at såvel våningshus som uthus opføres på bruket innen 4 år fra dato. Oppfylles ikke disse forutsetninger inndras bidragene

og eventuelt utbetalte beløp plikter vedkommende å tilbakebetale.

Låna dei får, er altså rentefrie dei første fem eller sju åra. Tanken frå dei som har utforma bureisingspolitikken, er at vårt unge par på desse åra skal forvandle øydemark, myrlende eller skogslende, til eit moderne småbruk med



bustadhus, uthus og dyrka jord. På desse åra må dei arbeide veg til bruket, kjøpe og avle fram buskap og få jorda i hevd, slik at det blir inntekter til å betale renter og avdrag med. Om livet artar seg for Anne og Nils som for unge par flest, skal dei gjere dette samtidig med at dei set ungar til verda.

Korleis skal vi sjå på dette? Slik at familiar i etableringsfasen får seg hus og arbeid med raus hjelp frå eit storsamfunn med sosialt hjartelag? Eller slik at eit kynisk storsamfunn utnyttar nauda til å presse mest mogeleg arbeid ut av ungdom og få dei til å dyrke jord og byggje gardar og leggje ned ein arbeidsinnsats som ikkje kan karakteriserast som menneskeleg og normal? Svaret får vente.

No startar den mest hektiske, mest avgjerande og mest usikre perioden i deira liv. Hektisk på det viset at arbeidsoppgåvene er uendeleg mange og opptek dei fleste timane i døgnet. Agronomen har gitt råd om kvar husa bør stå, kvar vegen bør gå og kvar dei bør starte dyrkinga. Men ut over det avheng alt av dei sjølve. Nils, som i farne arbeidsløysetider har vore handlangar og gardsarbeidar og tømmerhoggar eller lottkar innimellom, må no vere både administrator, tilretteleggjar og arbeidar av mange slag. Han må leige inn arbeidsfolk, kjøpe materialar og ordne med transport. Anne blir husmor og kokke for arbeidslaget når uthus og bustadhus skal setjast opp. Ho er også handlangar for Nils og arbeidsfolka når det trengst. Og ho er grovarbeidar som ryddar stein og røter og ber plank og leitar fram høveleg stor stein, presentstein, og trillar han i det første transportutstyret dei skaffar seg, trillebåra eller sluskebåra, inntil murforskalinga slik at det ikkje skal gå med så mykje sement og sand.

Alt skal avgjerast i stor fart, korleis husa skal plasserast, om bustadhuset skal byggjast av tømmer, lafta plank eller bindingsverk, kvar dyrkinga skal starte,

kor djupe grøftene skal vere, om avstanden mellom dei skal vere åtte eller ti meter, om dei skal ta seg leigehogst eller kjøpe materialar, kor lite sement den lokale støypesanden kan blandast med og likevel få god nok bindeevna og om dei skal grave brønn eller hente vatn frå elva. Og kva skal bruket heite, Vonheim, Skogland, Fredly, Myreng, Bekkeli, Bjørkås eller?

Dei vel det første namnet, Vonheim. I dette namnet ligg tankane og draumane dei har gjort seg om framtida, vona om ein god heim og ein trygg leveveg.

Enno er det meste usikkert. Inneheld myra eller skogteigen næringsrik matjord? Veks det noko på ho før dei blandar husdyrgjødsel i jorda? Kjem haustfrosken lett til denne dalbotnen og øydelegg veksten? Og er ikkje knipa uløyselig, at jorda treng husdyrgjødsel for å gi avling og at husdyra treng avling for å gi avdrått og gjødsel? Vil helsa halde? Duger eigentleg arbeidsfolka? Kor mykje vil myra sige når vatnet blir utgrøfta, og er grøftene djupe nok då? Kjem ikkje snart lånet? Kva skal dei leve av om kua blir sjuk? Vil handelsmannen gi endå meir kreditt? Korleis skal skjemmaa fyllast ut? Kva er eigentleg annuitetslån? Og kva om dei ikkje blir ferdige på fire år, får dei då ny frist, eller er det kroken på døra, fire års bortkasta arbeid og fattigkassa?

Den første våren set dei opp eit mellombels hus for seg sjølve. Dei kan få høve til å bruke eit sommarfjøs, dei kan overta ein utsliten båt som dei dreg til staden med lånt hest, kvelvar og raskar opp ein framvegg på, eller dei kan byggje ein jordgamme eller ei brakke.

Ein del av Nils og Annes nykjøpte eigedom er ein gammal, attgrodd slåt-teteig. Den ryddar dei for busker, dreg unna overflatestein med lånt hest og gjødsel med kunstgjødsel. Der kan det bli nokre fôrlass ljåslått, slik at kviga dei fekk i bryllaupsgåve frå foreldra, har lite grann vinterfôr.

Deretter startar husbygginga. Bureisingshusa er bygde på omtrent same måten gjennom heile perioden frå 1915 og frametter til sekstitalet. Dei har halvannan eller (i Trøndelag) to etasjar, bratt tak og støypt kjellar under. Midt i huset står pipa. Ho dannar grunnlaget for rominndelinga, fire rom i kvar etasje, eller berre to rom i kjellar og loft dersom huset er av dei minste.

Dei byggjer for framtida. Så sant dei har tilgang på ved eller anna fyring, er bureisarhusa gode hus, romslege og lettstelte jamført med korleis det var der dei fleste bureisarar voks opp. Mor og svigermor til Anne vil truleg misunne henne det store, lettstelte kjøkkenet og vaskekjellaren. Det same vil systera i byen gjere.

Anne og Nils, og ungane som etter kvart kjem, må ha mat. Mjøl og mjølk er det viktigaste. Mjølet må dei kjøpe, for å arbeide opp kornåker tek tid, om det i det heile går, for det er som nemnt ikkje den mest lett drivne og solvendte jorda dei har fått hand om. Men mjølka kan dei skaffe seg sjølve når kviga blir ku. I skuret, den kvelvde åttringen eller jordgammen får dei plass til kua til uthuset kjem opp. Eller dei har ho i kjellaren i bustadhuset. Føringa er så som så. Enno har ikkje eiga jord kome i hevd. Den gamle utslåtten gir litt avling, som dei set i stakk. Så sankar dei mose og riskvistar. Etter at isen har

lagt seg om hausten, men før snøen blir djup, slår dei stort på skogsvatn og dreg heim på det andre transportutstyret dei skaffar seg, skikjelken. Held dei til ved kysten, kan dei gi kua sild eller fiskeavfall.

Av alle problem er pengemangelen det største. Difor gjeld det å arbeide borte når det er arbeid å få. Det kan vere vegbygging, skogsarbeid, tømmerfløyting eller gardsarbeid. I Nord-Norge er det å dra på lofotfiske og andre sesongfiske, i innlandet kan dei hente nokre kroner ekstra med å setje ut rypesnarer. For Anne er det vanskelegare å få arbeid, men kanskje noko vasking, eller ho vev eller strikkar og sel, eller ho plukkar molter og tyttebær, som ho sel i næraste by.

Pengane går i eit sluk, til arbeidslønner og byggjematerialar, til innkjøp av reiskapar og utstyr, til vedkomfyr og omn og kjelar og panne og alt anna som må til i huset. Dei treng spett, spadar, flåhakke, snikkarverktøy, mineborer til steinboring, dynamitt til sprenging, teglrør til grøfter og sjøvsagt mat og klede til seg og ungane. Gardsdrifta kastar lite av seg dei første åra. Er dei så heldige at kua får ein kukalv, må han setjast på og få av mjølka den første tida. Får dei søyelam av den første søya, må buskapen aukast i staden for at lamma hamnar på den nysnikra slaktekrakken.

Livet handlar altså om pengar eller mangel på pengar, og det handlar om å låne og om å få hjelp frå slekt og grannar. Dei må låne hest og slede eller vogn for å frakte materialar til huset og stein og stubbar vekk frå dyrkingsjorda. Dei må låne stubbebrytar for å få steinen og stubbane opp. Om dei låner eller leiger eit hestespann med plog, let det seg kanskje gjere å drive plogen gjennom myra. Dei må låne kjøtkvern og symaskin og vev og rokk. Om dei har gode grannar og venner, er det likevel slik at den som heile tida låner, også må yte noko attende, til dømes i form av arbeidshjelp.

Tyngst er det kanskje på bureisingsfelta. Mange av nybyggjarane der er tilflyttarar og har ikkje slekt i nærleiken å hente hjelp frå. Eller vegen er for lang til næraste lånevillige bonde med hest eller bondekone med symaskin. Til gjengjeld er dei ikkje, som mange av enkeltbureisarane, isolerte i ei omverd av etablerte folk. Dei er i staden eit miljø av bureisarar, folk med dei same problema, den same skrinne økonomien og den same mangelen på utstyr og reiskapar.

Etter eit år er huset til Anne og Nils innflyttingsklart. Det vil seie at kjøkkenet og kammerset er ferdig. Resten av arbeidet innomhus må takast vintertid og når økonomien tillet det. For no står uthuset for tur, slik at kua kjem opp frå kjellaren og får selskap av fleire dyr. Dei fleste byggjer eit uthus på rundt 100 kvadratmeter. Som for bustadhusa er løysinga om lag den same for dei fleste, fjøs i eitt eller fleire rom (kufjøs, hestestall, sauestall, kanskje hønsesus) i eine enden, låve over med køyrebru til og høylager i andre enden og gjødselkjellar under halve huset.

Etter og innimellom husbygginga må dei dyrke jord. Heile tida er spenninga der: Hadde han rett, agronomen, då han rådde dei til å starte dyrkinga her? Er dette eigentleg brukande matjord, som vil gi avling til dei dyra dei byggjer hus for? Dei første to-tre åra ser det smått ut, men jorda treng tid

på å kome i hevd.

Vårt unge par lykkast. På fire-fem år tek dei steget frå å vere utan eigedom, utan fast arbeid, utan noko som helst og til å bli småbrukarar med eige hus, eige uthus med dyr i og dyrka jord. Ligg Vonheim i eit område med lite bureising, kjem kanskje lokalavisa på besøk og skriv om pågangsmot og arbeidslyst. Men er det i Trysil eller på Smøla eller i Pasvikdalen, er bureisarane så mange at det ikkje er grunn til å skrive om kvar enkelt familie.

Om dei har kome velberga gjennom byggjetida, er situasjonen likevel ikkje særleg gunstig. Banken eig meir enn dei sjølve. Då bureisarane vart talde av Statistisk Centralbyrå i 1938, var gjennomsnittleg gjeldsprosent nesten 60. Fire av fem mangla innlagt vatn i bustadhus og uthus, og like mange var utan elektrisk straum.

Det meste av arbeidet har vorte gjort i hast, og det var ikkje alle arbeidsoppgåver dei meistra like godt. Somme av grøftene går tett, eller avstanden mellom dei er for stor. Fordi dei spara på sement i støypen, viser det seg at uthusmuren ikkje er god nok, eller at dreneringa rundt ikkje tek unna vatnet. Arbeidet med gjerde mellom innmark og utmark har vorte utsett gong på gong fordi andre oppgåver var viktigare, men også fordi gjerdenettingen kostar pengar. No må det opp om ikkje kua skal ete innmarksgraset før det blir slått. Vegen til bruket er heller ikkje brukande, svingar må rettast ut, steinar sprengjast, vatn grøftast vekk og grus fyllast på om bilar skal kome fram.

I uthuset bygde dei hestestall, og no har dei etter mange netters rådslagningar kjøpt ein fole. Tru Blakka kan bli ein brukande arbeidshest? Med hesten kjem kravet om hestereiskapar og nye kostnader, iallfall høyvogn, slede og plog.

Kanskje ligg bruket i eit bureisarsamfunn. Til no har ungane i skolealder budd borte når dei har gått på skolen. Grenda treng eigen skole. Men for å få politikarane til å vedta bygging må dei lokke med dugnadsarbeid. Eige forsamlingshus treng dei også, eit ungdomshus eller bedehus etter kva innstilling dei har, reist på dugnad og finansiert med basarar og gåver.

Etter desse fire-fem åra, som mange måtte tøye til å bli både åtte og ti, kan dei oppsummere situasjonen slik ei bureisarkone i Stange gjorde: Vi er rike til å vere fattigfolk.

Om vi er like før krigsstart, var det rundt om i landet eit femsifra tal familiar som var i ein situasjon som minte om Anne og Nils, som budde om lag slik, i omtrent slike bustadhus på halvannan etasje og med utsikt til fjøsdøra frå kjøkkenvindauga, som dreiv gardsdrift på om lag denne måten – og som brukte dei timane eller minutta av døgnet som var ledige etter arbeidsdagen til å planleggje neste steg på vegen frå villmark til etablert gardsbruk. Og til å finne ut korleis dei skulle tøye dyrkingstilskot og sparsame kontantinntekter til å betale rekningar og samtidig få att pengar til klede til ungane, til å kjøpe hest og steinslede og separator og vev og røkk og høvelbenk for, og aller helst realisere framtidsdraumen om vatn i spring og lys frå elektrisk lampe og telefon på veggen.

Seinare i denne boka vil eg fortelje korleis det gjekk vidare på Vonheim i

krigs- og etterkrigsår. Men før det må eg skrive om tida då bureisinga starta, om dei første famlande stega og om landbruks- og bureisings-politikken den tida Nils og Anne gjorde villmark om til gardsbruk.